

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Att. Statsråden

<b>Dykkar ref.:</b> 22/2404	<b>Vår ref.:</b> 2022/759 - 7968/2022	<b>Sakshandsamar:</b> Hilde Rudlang	<b>Dato:</b> 15.09.2022
--------------------------------	--	--	----------------------------

### **Nasjonal helse- og samhandlingsplan – innspel frå Helse Vest**

Helse Vest takkar for invitasjonen i brev av 03.08.22 til å gi innspel til arbeidet med Nasjonal helse- og samhandlingsplan.

Vedlagt følgjer innspelet frå Helse Vest.

Helse Vest RHF har henta inn synspunkt frå underliggende føretak, og innspela frå Helse Bergen, Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Førde, Sjukehusapoteka Vest og Solli DPS er også lagt ved.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne  
administrerende direktør

Bjørn Egil Vikse  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne Administr. direktør*

## Innspel frå Helse Vest til Regjeringa sitt arbeid med Nasjonal helse- og samhandlingsplan

### Innleiing

Helse Vest RHF har henta inn synspunkt frå underliggende føretak, og desse følgjer vedlagt.

Som bakgrunn for innspela viser vi vidare til utviklingsplanane til helseføretaka (vedtatt våren 2022) og til den regionale utviklingsplanen som er på høyring hausten 2022. Planane beskriv utfordringsbiletet og viser måla som tenestene jobbar for. Utviklingsplanane er å finne på følgjande lenker:

- Helse Bergen: <https://helse-bergen.no/om-oss/utviklingsplan-2022-2035#gjennom-styringa-av-verksemda-veit-vi-om-vi-er-pa-rett-veg>
- Helse Stavanger: <https://sites.google.com/nestegenerasjonplan.no/utviklingsplan-helse-stavanger/hjem-utviklingsplan-2022-2035>
- Helse Førde: <https://sites.google.com/nestegenerasjonplan.no/utviklingsplan-helse-frde/heim-utviklingsplan-2021-2035>
- Helse Fonna: <https://helse-fonna.no/om-oss/utviklingsplan-helse-fonna>
- Helse Vest: [Neste generasjon plan - Ny Regional utviklingsplan 2023-2035](#)

Ei generell tilbakemelding er at Nasjonal helse- og samhandlingsplan bør ha overordna mål som bidrar til stø kurs og samtidig gir rom for forbetningsarbeid, lokalt handlingsrom og tilpassingar. Planen bør legge vekt på samanhengen mellom ulike sektorar og styringsnivå og ha eit langsiktig tidsperspektiv for endringar.

Som dei aller viktigaste utfordringane og tiltaka vil vi innleiingsvis peike på følgjande:

#### Viktigaste utfordringar:

- Det blir stadig fleire eldre og pasientar med fleire kroniske sjukdommar. Pasientar lev lenger med moderne behandling og krev ofte til dømes svært kompleks behandling.
- Det er dermed ein auke i tilstrøyming til tenestetilbodet utan at budsjettammene til helsesektoren aukar tilsvarande, og det er heller ikkje verken berekraftig eller mogleg å rekruttere nok kompetent personell utan at vi organiserer og gjer pasientbehandligna enklare.
- Dagens digitale løysingar, finansieringsordningar og lovverk legg ofte ikkje til rette for effektiv pasientbehandling eller samhandling. Helseføretaka har til dømes sett inn mykje ressursar i akuttmottaka for å avklare pasientar og unngå unødvendige innleggingar; men slik rask avklaring gir langt mindre inntekter til føretaka. Andre døme er at løysingar rundt digital samhandling og legemiddel-lister ikkje fungerer godt nok og ofte gir mykje meir-arbeid både i førstelinjetenesta og i sjukehusa.

#### Aktuelle prioriterte tiltak:

- Helsetenesta må få høve til og støtte til å utvikle gode pasientforløp for dei vanlegaste sjukdommane som brukar ein stor del av helsetenestene. Gode pasientforløp bør utviklast både i spesialisthelsetenesta, primærhelsetenesta og i eit samarbeid i helsefelleskapa.

- Gode arenaer for prioritering i helsetenesta må bevarast og vidareutviklast. Det er nødvendig å tenke gjennom og gjennomføre prioritering i helsetenesta på alle nivå, med tydelegheit og openheit om kva som blir prioritert og kva ein ikkje kan prioritere i vår felles helseteneste
- Vidareutvikle elektroniske pasientjournalssystem og andre digitale samhandlingsløysingar som understøtter pasientforløp og styrkar informasjonsdeling og samhandling mellom tenestene.
- Pasientane må inkluderast som aktive deltakarar i oppfølging og behandling av eigen helsetilstand, slik at dei kan dra nytte av eigne ressursar og kunnskap om si eiga helse. Dette kan til dømes skje gjennom gode digitale helsetenester.

I det følgjande gir vi innspel til ulike tema i Nasjonal helse- og samhandlingsplan, i samsvar med invitasjonsbrevet.

## Samhandling

### *Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?*

1. **Sikre stabil fastlegeordning.** Ei god fastlegeordning er nødvendig både for å sikre gode helsetenester i kommunane og for best mogleg bruk av spesialisthelsetenesta. Ei marginal endring i tilvisingspraksis hos fastlegane vil føre til ein stor auke i innleggingar i spesialisthelsetenesta. Helseføretaka ser auke i tilvisingar frå kommunar som manglar fastlegar og har mange vikarar. God samhandling mellom fastlegar og spesialisthelsetenesta er avgjerande for å sikre samanhengande helsetenester og velfungerande pasientforløp.

Ei felles første prioritet må vere å sikre stabilitet i fastlegeordninga, og sikre samhandling mellom desse og spesialisthelsetenesta. Det må òg sikrast god samhandling innad i kommunane slik at fastlegar først sikrar pasienten kommunale tenester, før tilvising til spesialisthelsetenesta. Særleg gjeld dette tilbod til barn og unge.

2. **Utvikle finansieringssystem som stimulerer til samhandling, også digital samhandling.** Vilkår for at ein pasient er utskrivingsklar (jf. forskrifta om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar) utfordrar planlagde og koordinerte overgangar på grunn av tidspress. Innføring av ein karensdag og gradvis aukande betaling for utskrivingsklare liggedøgn vil kunne gi betre planlegging/samhandling ved utskriving av pasientar med behov for koordinerte tenester. I tillegg vil det kunne hindre at dei mest ressurskrevjande utskrivingsklare pasientane blir liggande å vente på eit tilbod i kommunen.

Finansieringsordningane må sikre at helsetenester utan behov for fysisk oppmøte blir førstevalet når det er mogleg og at spesialisthelsetenesta kan ta betalt for kommunikasjon med førstelinjetenesta.

3. **Nasjonale digitale samhandlingsløysingar.** Helseføretaka og kommunane har i mange tilfelle ulike tekniske løysingar og mangelfulle integrasjonar mellom desse, noko som gjer effektiv samhandling og samarbeid mellom partane vanskelegare. Pasientane møter mange ulike løysingar.

Det bør komme nasjonale digitale samhandlingsløysingar som sikrar felles funksjonskartleggingsverktøy og samtidig kommunikasjon mellom sjukehus og kommunar (primærhelsetenesta er

funksjonsorientert og ikkje diagnoseorientert). Vi viser elles til innspel under punktet om digitalisering.

4. **Stabil og langsiktig vidareutvikling av helsefellesskapa.** Samarbeid og samordning mellom kommunar, på tvers av kommunegrenser, er sentralt for å lykkast med helsefellesskapa. Vidareføring av felles sekretariatsfunksjon for kommunane er viktig i denne samanheng.

Det er behov for å avklare forventningane til kva for arbeidsoppgåver og ansvar helsefellesskapa skal ha. Forventningsnivået må samsvare med tilgjengelege økonomiske og personalmessige ressursar i helsefellesskapa. Fokuset på dei fire prioriterte pasientgruppene må halde fram.

Informasjon om helsefellesskapa og korleis desse samhandlingsfora fungerer bør gjerast meir kjent for klinikarar, leiarar på alle nivå i heile helsetenesta.

***Gode eksempel og aktuelle pågåande arbeid***

- Barn og unges helseteneste. Brukarar, kommunale tenester og spesialisthelsetenesta har samarbeidd om å utvikle samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske helseplagane hos barn og unge. Forløpa fungerer som eit kart over tenestene og gir oversikt over dei ulike tenestene si rolle og ansvarsområde. Modellen er utvikla i Helse Fonna og er under implementering i resten av regionen. Vedlikehald og vidareutvikling av forløpa blir no forankra i faggrupper i helsefellesskapsstrukturen.
- «Øyanemodellen» tar utgangspunkt i helsefellesskap som ein ny modell for korleis kommune, sjukehus og NAV kan møte brukarar med psykisk sjukdom
- FACT-team, OBS-team – tverrfaglege behandlings/oppfølgingsteam i samarbeid mellom kommune og spesialisthelseteneste
- Felles brukarutval i Sogn og Fjordane for kommunane og Helse Førde

## Kvalitetsforbetring og pasienttryggleik

### ***Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?***

1. **Framleis utbreiing av forbetningsmetodikk.** For å utvikle helsetenesta i ein meir effektiv og sikker retning, er det behov for kontinuerleg forbetring av helsetenesta. Mange leiarar og tilsette i helsetenesta manglar kunnskap om forbetningsarbeid og det er framleis stort behov for opplæring i dette. Alle faggrupper i sjukehusa bør vere inkluderte i slikt arbeid.
2. **Bli betre i læring på tvers.** Vi lærer for lite av kvarandre sine feil. Aktuelle tiltak er å lage ein struktur for læring på tvers, evaluere og forbetre denne strukturen heile tida. Avvikshandtering generer sjeldan endring med varig effekt. Det bør settast av nok ressursar til å analysere avvika og spreie tiltaka som følgjer av avvika. Kliniske fagrevisjonar (gjennomførte i Helse Vest sidan 2011) har gitt helsepersonell høve til å studere og lære av kvarandre.
3. **Enkel tilgang på styringsdata på føretaks- og kommunenivå.** Heilskaplege og samanhengande tenester krev styringsdata på føretaks- og kommunenivå som partane er samde om. Styringsinformasjon som Helsedirektoratet har utarbeidd for dei prioriterte pasientgruppene bør vidareførast. Helsedirektoratet, kommunar, regionale helseføretak og faginstansar bør

samarbeide om datafangst og dataformidling. Kommunane bør i større grad samarbeide om og medverke til forskning og forbetring/innovasjon.

#### 4. **Sterk forbetring av dialogen mellom utskrivande og mottakande eining før og etter sjukehusopphald**

Sjukehusa rapporterer om at pasientar som blir innlagde frå den kommunale pleie- og omsorgstenesta ofte ikkje har med nødvendig informasjon om legemiddelliste, funksjonsnivå og behandlingsmål. Samtidig rapporterer førstelinjetenesta om at sjukehusa ofte ikkje sender ut epikrise ved utskrivning, eller at denne er mange dagar forsinka. Det viktigaste med ei epikrise er beskjed til oppfølgande helsepersonell og pasient om legemiddel-liste og kva som er viktig oppfølging og behandling etter innlegging; det burde utviklast gode elektroniske verktøy for å kommunisere dette ved utskrivning til pasient og aktuelt helsepersonell. Ei meir fullstendig epikrise med fullverdig beskriving av innlegginga, medisinsk koding etc. kan då sendast når alle svara på undersøkingar er klare.

##### ***Gode eksempel og aktuelle pågåande arbeid***

- Samhandlingsbarometeret er eit godt døme på ein kunnskapsbank for samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Helseatlas er òg ei god kunnskapskjelde. For begge vil vidareutvikling av teknologi gi meir fullstendig og oppdatert informasjon.
- Felles opplæring i forbetningsmetodikk
- Revisjon av læring på Tvers i HV
- «Vel Heim»-prosjektet i Helse Vest jobbar m.a. med å auke tilgangen på epikriser frå spesialisthelsetenesta til tilvisande lege på legevakt. Om legevakt får betre tilgang på epikriser og kriseplanar kan dei i større grad møte pasienten i samsvar med tilrådingane frå spesialisten. Dette kan i neste omgang gi betre kontinuitet i pasientomsorg, meir effektiv behandling og redusere reinnleggingar og presset på tenestene, både i sjukehus, på legevakt, i akuttmottak og i naudetatane.

## Desentraliserte tenester og samanhengande pasientforløp

Vi viser her også til fleire ulike oppdrag i oppdragsdokument/føretaksprotokoll, med svarfristar i løpet av hausten 2022, som handlar om desentralisering av tenester eller «Gode tenester der folk bur».

### ***Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?***

1. **Sårbarheit ved desentrale tenester.** Ei forventning om breidde i fagområdet ved mindre sjukehus gjer det utfordrande å rekruttera og å halde på kompetanse. Behandlingstilbodet blir ofte avhengig av enkeltpersonar og vikarstafettar. Dei spesialiserte fagmiljøa i sjukehusa blir stadig meir spesialiserte og det vil i løpet av kort tid bli krevjande for sjukehusa å behalde brei generell indremedisinsk eller bløtdelskirurgisk kompetanse. I delar av verksemda kan fagmiljø med ansvar for fleire sjukehus i nettverk vere ein modell å arbeide etter. Digitale løysingar kan for eksempel gi moglegheiter til å kunne tilby spesialisert kompetanse også ved små sjukehus. Døme på dette kan vera at avansert billed-diagnostikk blir utført av radiolog ved andre sjukehus, eller at akutt slagbehandling blir gjennomført på lokalsjukehuset under video-overvaking og rettleiing av nevrolog frå anna sjukehus. Gode opplegg for desentralisert etterutdanning av legespesialistar med deltaking i regionale og nasjonale faglige fora er viktig for kvaliteten på tilbodet og vil også kunne vere rekrutterande.

Vi har i Helse Vest fleire mindre lokalsjukehus. Desse sjukehusa gir gode tilbod til pasientgruppene som kan behandlast i lokalsjukehusa. Men trass i at sjukehusa er små, så har dei mellom anna same behov for vakthavande legar innan fleire spesialitetar, døgnopne laboratorium og radiologiske avdelingar. Dei har dermed særst høge driftskostnader i forhold til pasienttalet. Saman med rekrutteringsutfordringar av personell til fleire av desse sjukehusa så aukar dette sårbarheita til lokalsjukehusa.

2. **Pasientar skal få tilgang til kliniske behandlingsstudiar der dei bur.** Klinik og forskning skal i større grad integrerast. Dette kan ein oppnå ved å auke forskingsstøtte på tvers av føretak. Heile EPJ-systemet, inkludert laboratorium og patologi, må vere felles regionalt for at pasientar skal kunne følgjast opp i studiar på tvers av helseføretaksgrenser i hele regionen.
3. **Forbetre samarbeidet mellom fagmiljø på ulike sjukehus.** Mangelfull dialog mellom fagmiljøa gir utfordringar med å desentralisere tenester og få til samanhengande pasientforløp. Fagnettverk kan vere eit tiltak for å auke dialog mellom fagmiljøa i HF-a. Felles regionalt EPJ-system er ein føresetnad for samarbeidet.

***Gode eksempel og aktuelle pågåande arbeid***

- Samlokalisering av tenester frå kommunane og spesialisthelsetenesta i etablerte helsehus i Region Nordhordland, Øygarden kommune, Voss Lokalsjukehusområde og Bergen kommune

## Digitalisering

Vi viser her også til Helse Vest RHF sitt høyringssvar til Direktoratet for E-helse om Nasjonal e-helsestrategi. Utkast til høyringssvar blei behandla av styret i Helse Vest 07.09.22 (sak 83/22).

***Kva er dei viktigaste utfordringane?***

Stortingsmelding nr. 9 (2012-2013) om «Én innbygger – én journal» gav klare overordna mål, jf.;

«Regjeringens overordnede mål for IKT-utviklingen i helse- og omsorgstjenesten er:

- Helsepersonell skal ha enkel og sikker tilgang til pasient- og brukeropplysninger
- Innbyggerne skal ha tilgang på enkle og sikre digitale tjenester
- Data skal være tilgjengelig for kvalitetsforbedring, helseovervåking, styring og forskning»

10 år etter er det framleis gode grunnar for desse måla, men måla er diverre berre delvis nådd. Mykje er gjort, måla er delvis nådd for delar av sektoren, for delar av helsepersonell, for delar av innbyggerane i ulike delar av landet.

Helse Vest RHF er opptatt av at digitalisering er eit nødvendig tiltak for å sikre den framtidige bærekrafta i helsetenesta. Digitaliseringa må sikre meir effektiv bruk av ressursar, meir tid til pasienten, betre pasienttryggleik, betre og raskare samhandling internt og eksternt, og gi grunnlag for betre innsikt i helsedata. For å lukkast med denne digitaliseringa må løysingane vere brukarvennlege og støtte opp om gode arbeidsprosessar. Det står att mykje arbeid for å lukkast med å bidra til berekraft i helsetenesta og for å møte forventningane til helsepersonell og innbyggjarar.

### ***Kva for tiltak er aktuelle?***

1. **Gjennomføring av Felles kommunal journal.** Føresetnaden for digital samhandling mellom aktørar er at kvar aktør er digitalisert internt. Ei rekkje utgreiingar over dei seinare år har dokumentert at digitalisering av dei kommunale helse- og omsorgstenestene er eit viktig tiltak. Derfor må den nasjonale strategien for e-helse støtte opp om gjennomføring av Felles kommunal journal. Det vidare arbeidet med Program Digital samhandling, jr. neste punkt, kviler på at denne satsinga vert gjennomført.
2. **Digital samhandling.** Ein samla sektor har stilt seg bak dei tiltak som er tekne inn i Program Digital samhandling. Dette er sektoren sitt forslag til korleis den digitale samhandlinga kan realiserast. Program Digital samhandling er særleg viktig for dei 3 regionane utanfor Midt-Norge (som arbeider med innføring av eit felles regionalt system på tvers av omsorgsnivå). Program Digital samhandling er òg viktig for Midt-Norge, slik at helse- og omsorgstenestene der kan samhandle digitalt med resten av landet. Det er viktig å sikre gjennomføring av Program Digital samhandling, både steg 1 (som er finansiert) og steg 2 (som krev avklaring av finansiering).
3. **Pasienten si legemiddelliste (PLL)** er, etter Helse Vest RHF sitt syn, det viktigast av det viktige innanfor Program Digital samhandling, ja, innanfor arbeidet med digitalisering av helse- og omsorgssektoren i stort. PLL vil, når den er innført, både auke pasienttryggleiken og redusere helsepersonell sin bruk av tid for å avklare gjeldande medisiner for pasientane. PLL er viktig for både helsepersonell og for pasientar. Erfaringane frå arbeidet med utprøving av PLL i Bergen/Helse Vest har vist at ei smidig tilnærming med tett samarbeid med helsepersonell er svært viktig for å lukkast med dette utviklingsarbeidet.

#### ***Gode eksempel og aktuelle pågåande arbeid***

Helse Vest er involvert i eller har ansvaret for mange tiltak som skal bidra til betre digitalisering. Dette gjeld nasjonale initiativ innanfor e-helse, interregionale felles prosjekt, og regionale program og prosjekt. To konkrete eksempel:

- Sjølvbetjent innsjekk og betaling i poliklinikkane i Helse Vest avlastar personellet
- Pasientstyrt oppfølging i poliklinikk via digitale skjema involverer pasientane og reduserer ventelistene

## Personell og kompetanse

### ***Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?***

1. **Utdanningsløp som møter dei reelle behova i tenestene.** Ein må unngå at ambisjonsnivået for utdanning og kompetansekrav blir lagt på eit svært høgt og kostbart nivå. Skal ein få best mogleg nytte av grunn-, vidare- og etterutdanning, må grunnutdanninga ikkje vere unødvendig lang, og den må fordelast på ein gjennomtenkt måte før og gjennom yrkesaktiv periode, dvs. over ein periode som kan vere over 45 år.

Grunnholdninga i utdanningsinstitusjonane må vere å dekke behova tenestene har for kvalifiserte medarbeidarar i eit livsløpsperspektiv. Det er ikkje gitt at interessene til den enkelte UH-institusjonen isolert sett samsvarer med behova i helsetenesta. Det gjeld også dei ideelle krava frå profesjonane til lengde og innhald i utdanningane. Det bør i mykje større grad leggast til

rette for gode utdanningsforløp der helsepersonellet samtidig gjer vanleg klinisk arbeid, på same måte som ein har gode ordningar for legar i spesialisering.

Det er berre ein liten del av helsepersonell som treng å drive eige forskning. Det må speglast i systemet for utdanning og grad av akademisering i UH-institusjonar og spesielt i sjukehus.

2. **Helsepersonell i distrikta.** Et hovudproblem i framtida vil vere å rekruttere og behalde nok helsepersonell i distrikta. Desentralisert utdanning er viktig for å unngå at kommande helsepersonell må flytte sentralt og etablerer seg der for å få utdanning. For UH-institusjonane kan desentralisert utdanning vere meir tungvint og kostbart enn det å samle utdanninga. Det er viktig at staten i styringa av helsetenesta og UH-institusjonane, og finansiering av begge sektorar, ser dette samla behovet. Samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane om å rekruttere og behalde helsepersonell er viktig for å gjere tenestene rusta for framtida.
3. **Samhandlingskompetanse.** Samarbeid og koordinering mellom spesialist- og kommunehelsetenesta er tema som bør vektleggast i utdanninga av helsepersonell. Dette er viktig for å sikre samanhengande pasientforløp, kompetanseoverføring, og samarbeid på tvers og mellom nivå.
4. **Meir bruk av oppgåvedeling.** Overføring av oppgåver mellom profesjonar blir ikkje er godt nok utnytta per i dag. På ulike område kan det gi større tilgang til nødvendig personell. Sambruk av ressursar/delte stillingar kan vere ei løysing der det er særleg krevjande å rekruttere fagfolk, f.eks. jordmødrer og psykologar.

**Gode eksempel og aktuelle pågåande arbeid**

- Vestlandslegen er døme på desentralisert utdanning med delar av medisinstudiet i Stavanger, Haugesund og Førde.
- Injeksjonsbehandling av maculadegenerasjon – oppgåvedeling mellom lege og sjukepleiar

## Rehabilitering og mestring

***Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?***

1. **Sikre tilgang til habiliteringstenester.** Det er behov for å styrke medisinsk og helsefagleg kompetanse i habilitering både for barn, unge og vaksne. Særleg er pasientane innan habilitering for vaksne i spesialisthelsetenesta ei sårbar gruppe med store samansette og langvarige tenestebehov på tvers av nivåa. Ein treng å sikre tilgang på robuste og spesialiserte tenester uavhengig av bustadadresse og koordinerte pasientforløp på tvers av nivåa. Dette bør adresserast i neste helse- og samhandlingsplanen.
2. **Understøtte eigenmeistring for pasientar og pårørande.** Ulikhet i helsekompetanse i befolkninga gir utfordringar knytt til informasjon og kommunikasjon mellom pasient og helsepersonell. Aktuelle tiltak for å bidra til eigenmeistring er å sørge for at pasient- og pårørandeopplæring, både individuelt og i gruppe, blir inkludert i pasientforløp for ulike pasientgrupper der det er fagleg grunnlag for det. Meir informasjon i epikrisa om tilstanden, som også kan gå til pasienten, om kor ein kan finne meir informasjon og tiltak for å unngå forverringar vil også understøtte eigenmeistring.



3. **Koordinering av tenester.** Det er viktig å sikre at pasientane mottar samordna tenester mens dei er på sjukehuset og ved overgangen til kommunale tenester. Koordinatorordninga som følgjer av spesialisthelsetenestelova er eit viktig verktøy for å oppnå det. Koordinatoren skal sikre samordning av tenestetilbodet for pasientar med behov for komplekse eller langvarige og koordinerte tenester. I Helse Vest er det tatt initiativ til eit prosjekt som har som mål å styrke samarbeidet med kommunane gjennom betre implementering av koordinatorordninga i spesialisthelsetenesta.
4. **Større forskningsaktivitet innan habilitering og rehabilitering.** Vidareutvikling av infrastruktur for samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling er aktuelle tiltak, inkludert forskingssamarbeid regionalt og nasjonalt. Den akademiske kompetansen i habilitering og rehabilitering i helseføretaka bør bli styrka.

**Gode eksempel og aktuelle pågåande arbeid**

- Helse Stavanger-området: [Lokalt fagnettverk om psykiske lidelser og utfordrende atferd hos personer med utviklingshemning](#)
- Interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam (IKART) i Sør-Rogaland der spesialisthelsetenesta bidrar med ressursar/kompetanse. For personar med omfattande og samansette rehabiliteringsbehov.

## Svangerskaps-, føde- og barselstilbod

Det er generelt gode resultat for barnefødselar i Noreg og på Vestlandet, med låg spedbarnsdødelegheit og låge komplikasjonsratar for mor. Struktura i fødetilbodet i helseregionen er venta å ligge fast, også på lang sikt. Internasjonalt er Noreg eit av dei landa med lågast spedbarnsdødelegheit på 1 per 1000 levande fødde. Den vanlegaste dødsårsaka i første leveår i Noreg er i dag medfødde sjukdommar og misdanningar. Dette er tilstandar ein ikkje kan unngå med betre fødetilbod. Komplikasjonsratane for mor er også svært låge i Noreg samanlikna med andre land.

**Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?**

1. **Rekruttering av jordmødrer.** Det er krevjande å rekruttere jordmødrer til spesialisthelsetenesta når det samtidig skal byggast opp jordmørtjenester i kommunane. Aktuelle tiltak er ordningar der jordmødrer jobbar ved sjukehuset i tillegg til i kommunen. Slik sambruk av ressursar kan tilføre ressursar der det er nødvendig, bidra til å styrke kvaliteten i tenestene, og gjere det lettare å la kvinner reise tidleg heim, fordi jordmor i kommunen har oppdatert kunnskap. I tillegg er det aktuelt å prioritere at jordmødrer frå kommunane hospiterer i sjukehus. Et anna tiltak er betre utbygging av digital barselomsorg, f.eks. digital amnehjelp.

Helsedirektoratet beskriv i rapporten «Endring i fødepopulasjon og konsekvenser for bemanning og utdanningssystem» (2020) at delen komplekse fødselar har auka i Noreg dei siste tiåra. Kvaliteten og pasientsikkerheita for fødepopulasjonen verkar i det store å vere godt ivaretatt. Den omtalte rapporten beskriv likevel eit auka behov for kompetanse, ressursar og bemanning ved fødeinstitusjonane, og spesielt er det eit stort behov for fleire jordmødrer.

2. **Auka forventingar om tenester som ikkje gir betre helse.** Dei siste åra er det kome tilbod om ultralyd både i veke 11 og uke 18, noko som har dobla behovet for ultralyd-undersøkingar i svangerskapet. Personalet ved fødeavdelingane fortel også om aukande forventningar om sosial tilrettelegging under fødselen, som vidare aukar behovet for helsepersonell utan at det gir betre helse verken for mor eller barn. For framtida vil det vere særskilt viktig å fokusere mot tenester som gjer fødselshjelpa meir effektiv eller gir målbare resultat for betre helse.

**Aktuelle pågåande arbeid og gode eksempel**

- I Helse Førde er det God Start-eining ved Lærdal og Nordfjord sjukehus. Målet er ha eit robust tilbod for svangerskapsomsorga og barseltida for kvinnene. Det er snart 10 år sidan einingane blei oppretta, og på bakgrunn av utvikling og endringar både i spesialisthelsetenesta og kommunane skal ein no gå gjennom tilbodet.

## Psykisk helse og rus

**Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?**

1. **Rekruttering av psykologar og legar.** Den viktigaste utfordringa er å sikre rekruttering av psykologar og legar til fagfeltet. Det gjeld både rekruttering av utdanningskandidatar, og ivaretaking av erfarne psykologar og legar slik at dei blir verande. Det er ein serie ulike tiltak som er aktuelle for å bidra til dette. Eksempel er rekruttering av studentar til skriving av masteroppgåver, rettleiingsordningar av kandidatane, god ivaretaking ved oppstart, interessante og passe utfordrande arbeidsoppgåver, moglegheiter for forskingspermisjonar, hospiteringsordningar, lønns- og arbeidsvilkår, gode program for internundervisning etc. Arbeidsbelastninga for erfarne psykologar og legar må vere forsvarleg, og det må leggest til rette for dei meir erfarne slik at dei kan gi utdanningskandidatane god rettleiing.
2. **Samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane om pasientar innan PHV og TSB.** Vi viser til avsnitta om samhandling og digitalisering for omtale av utfordringar og aktuelle tiltak.
3. **Innretning av lovverk.** «Tvangslovutvalet» har levert innstillinga si, utan at det har blitt følgt opp. Det er behov for å arbeide vidare med innretting av lovverket innan PHV og TSB. Det gjeld særleg områda i lovverket som omhandlar tvang innan helse, og det gjeld bruken av lovverket som gir høve til dom til tvungent psykisk helsevern innan strafferetten. Stadig fleire blir i dag dømt til psykisk helsevern og dette legg beslag på ein stor del av behandlingsskapiteten i psykisk helsevern. Det må vere eit mykje større fokus på at pasientane kan få god helsehjelp og at helsepersonellet har dei rammer som dei treng for å gi dette. Aktuelt tiltak er å forsere arbeidet med eit hensiktsmessig lovverk.

**Gode eksempel og aktuelle pågåande arbeid**

- Prosjektet "Mind the gap", er eit samarbeid mellom Alver kommune og BUP Nordhordland for å etablere gode rutinar for overføring av barn og unge som er i risiko for å hamne mellom spesialisthelsetenesta og kommunen eller mellom dei kommunale tenestene, utan å få den hjelpa dei har behov for.

## Akutt-tenester

Ambulansetenesta på Vestlandet har høg kompetanse og gir god pasientbehandling. Ambulansetenesta samarbeider godt med førstelinjetenesta og sjukehusa. I tillegg til fleire større sjukehus er det også fleire mindre lokalsjukehus som bidrar inn i ei god akutt-teneste.

Folkhelseinstituttet utførte våren 2022 ei utgreiing av «responstider for ambulanser og pasientutfall», denne utgreiinga viste at talet på akuttoppdrag har auka dei siste fem åra. Trass i forventinga så var låg ventetid på ambulanse knytt til auka risiko for å dø. Ein kunne altså ikkje visa at kort uttrykkingstid for ambulanse hadde noko gunstig effekt på helsehjelpa. For å behalda ei robust ambulanseteneste er det etter Helse Vest si meining viktig at helseføretaka sjølve får bestemme kor mange ambulanse-stasjonar dei skal bemanne og ha ansvaret for. Det kan også vere grunn til å spørje seg om auken i talet på akuttoppdrag for ambulansane er forklart av medisinske tilhøve eller om dette kan ha andre forklaringar.

### Kva er dei viktigaste utfordringane? Kva for tiltak er aktuelle?

1. **Prehospitale tenester må planleggast saman med kommunale legetenester.** Det er stort behov for ei meir stabil fastlegeteneste. Dagens situasjon med færre erfarne fastlegar verkar å gi auka trykk på ambulansetenesta. For å betre situasjonen diskuterer stadig fleire kommunar å slå saman legevaktdistrikta til større legevaktdistrikt. Dette kan ha gunstige effektar for legevaktene, men erfaringa tilseier at det vil gi auka behov for ambulansetenester. Det er viktig at slike endringar i den kommunale helsetenesta blir diskutert i helsefellesskapa, og at ein finn gode løysingar for å finansiere slike endringar i tenesta, som ikkje øydelegg for samarbeidet.

## Legemiddelområdet

Helse Vest vil i tillegg spele inn at legemiddelområdet bør vere eit tema i Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Legemiddel er ein viktig del av pasientbehandlinga, og feil bruk av legemiddel gir tap av behandlingseffekt og i verste fall pasientskade. Ved bytte av omsorgsnivå er det utfordringar i utveksling av legemiddelinformasjon, feilbruk av legemiddel og manglande etterleving av behandling hos kronisk sjuke og multisyke pasientar og i tillegg legemiddelrelaterte re-innleggingar i sjukehus. Legemiddelområdet vil derfor også vere eit viktig tema for helsefellesskapa framover. Vi viser elles til omtale av «Pasienten si legemiddelliste» (PLL) i avsnittet om digitalisering.

## Antibiotikaresistens

Antibiotikaresistens er eit aukande problem i ei samle helsetenesta, ikkje berre i spesialisthelsetenesta. Vi foreslår derfor at dette inngår som eit tema i Nasjonal helse- og samhandlingsplan.

## Beredskap

Omtale av beredskap i form av å verne om liv og helse og sikre befolkninga nødvendige samla helsetenester ved kriser og større uønskte hendingar, bør også inngå i planen.

## Ytre miljø

FN har slått fast at klimaendringane er ein trussel for menneskeheita, men endringane er også, ifølge Verdens Helseorganisasjon, den største helsetrusselen vi står framfor.

Spesialisthelsetenesta er ein stor samfunnsaktør med eit stort samfunnsansvar. Med 150 000 tilsette frå Hammerfest til Kristiansand og omlag 2,2 millionar pasientar innom årleg, set norske sjukehus eit solid avtrykk. Potensialet for å kutte utslepp er stort. Men for å utnytte det potensialet er omstilling nødvendig. Derfor har ei samla spesialisthelseteneste i Noreg vedtatt eit felles rammeverk og mål for å redusere CO2-utsleppet vårt.

Ytre miljø burde etter Helse Vest si meining vere eit tema i Nasjonal helse- og samhandlingsplan.

HELSE VEST RHF  
Postboks 303  
4068 STAVANGER

**Dykkar ref.:**  
2022/759 -  
6591/2022

**Vår ref.:**  
2022/476 - 3763/2022

**Sakshandsamar:**  
Christer Bakke Frantzen

**Dato:**  
05.09.2022

## **Invitasjon til å gi skriftlige innspill - Nasjonal helse- og samhandlingsplan**

Sjukehusapoteka Vest HF takkar for invitasjon til å gje skriftlege innspel til samla tilbakemelding frå regionen på Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Vår tilbakemelding er gitt med utgangspunkt i liste over tema i dokumentet frå Helse- og omsorgsdept.

Vår vurdering er at dei viktigaste utfordringane å adressere ut i frå våre erfaringar med legemiddelområdet er:

### **Samhandling på legemiddelområdet**

Legemiddelområdet og samhandling mellom ulike grupper av helsepersonell, under dette særleg farmasøytrolla, er omtalt i begge legemiddelmeldingane (2005, 2015) og i IS-0426 *Utredning av farmasøytjenester og etterlevelse av legemiddelbehandling*. Legemiddelområdet bør såleis etter vår vurdering i større grad bli integrert som del av nasjonal helse- og samhandlingsplan. Dette med bakgrunn i kjente utfordringar på områda utveksling av legemiddelinformasjon, feilbruk og manglande etterleving av behandling hos kronisk sjuke og multisjuke pasientar, i tillegg legemiddelrelaterte re-innleggingar i sjukehus.

### **Auka kompetanse og oppgåvegliding på legemiddelområdet**

I gjeldande helse- og sjukehusplan er det merksemd på å sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse for å møte framtidige behov, med særskilt satsing på sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. I arbeid med ny plan bør dette vidareførast, men i tillegg er det vår vurdering at både oppgåvegliding og rett bruk av farmasøytisk kompetanse på tvers av behandlingsnivå bør gå inn som nye element. Vi nyttar her høvet til å peike på klinisk farmasi som eit viktig tiltak for å betre legemiddelbruk (ref IS-0426 *Utredning av farmasøytjenester og etterlevelse av legemiddelbehandling* som relevant for fleire av dei varsla temaområda i ny plan (kvalitetsforbetring, pasienttryggleik, personell og kompetanse).

### **Vidareutvikling av helsefellesskap**

Som eit viktig grep i vidareutvikling av helsefellesskapa bør bruk av farmasifagleg kompetanse inkluderast i aktuelle samarbeidsavtaler og i helsefellesskapa sine fagnettverk.

Dette vil etter vår vurdering bidra til å støtte opp om klinisk farmasøytisk pasientoppfølging i samhandlinga, som del av saumløuse pasientforløp ved overgangar mellom ulike nivå, men og med omsyn til kompetanse rundt og bruk av spesialtilpassa legemiddel til den enkelte pasient.

Vennleg helsing  
Fag- og utviklingsavdeling

Christer Bakke Frantzen  
Fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



HELSE VEST RHF  
Postboks 303  
4068 STAVANGER

Att. Bjørn Egil Vikse

<b>Dykkar ref.:</b> 2022/759	<b>Vår ref.:</b> 2022/4306 - 26534/2022	<b>Sakshandsamar:</b> Dagrun Kyrkjebø	<b>Dato:</b> 05.09.2022
---------------------------------	--	--	----------------------------

## **Helse Førde HF sine innspel til Nasjonal helse- og samhandlingsplan**

Takk for høvet til å gje innspel til arbeidet med Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Dessverre har tidspunktet vore uheldig for å få ein god prosess for å innhente innspel då ferieavviklinga framleis fann stad.

Helse Førde har organisert våre innspel etter tematikkane som er opplista i brevet frå departementet og etter spørsmål 1 – 3.

Helse- og omsorgsdepartementet ber om innspel på følgjande:

1. Kva er dei viktigaste utfordringane å adressere?
2. Kva tiltak er aktuelle?
3. Om vi kjenner til pågåande arbeid eller gode døme som departementet bør være kjent med.

*Innspel frå Helse Førde HF knytt til tema som meldinga skal innehalde:*

### **Samhandling**

1. For å sikre gode samhandlingsprosessar i helsefelleskapa er det viktig at nasjonale prosessar legg til rette for lokalt handlingsrom. Det bør tilretteleggast for desentraliserte spesialisthelsetenester (elektive tilbod og bruk av avtalespesialistar) inn i eit samla tilbod saman med dei kommunale helsetenestene.
2. Det bør komme nasjonale digitale samhandlingsløysingar som sikrar felles funksjonskartleggingsverktøy og samtidig kommunikasjon mellom sjukehus og kommunar. Samarbeidet mellom KS sin struktur for samhandling og helsefelleskapa er ein nøkkel for å sikre samordning og konsensus på tvers av kommunegrenser.



## Kvalitetsforbedring og pasientsikkerhet

1. Fokuset på dei fire prioriterte pasientgruppene må halde fram. Heilheitlege og samanhengande tenester krev styringsdata på føretaks- og kommunenivå som partane er samde om. Fokus på dataformidling og faktakunnskap som basis for utviklingsområde og tiltak. Det bør i større grad leggest til rette for at kommunane kan medverke til forskning og forbetring/innovasjon.
2. Vidareføre og vidareutvikle eksisterande dataformidling/-kjelder som helsedirektoratet har utarbeidd for dei prioriterte pasientgruppene. Samarbeid mellom Helsedirektoratet, regionale helseføretak og faginstansar om datafangst og dataformidling.
3. [Samhandlingsbarometeret](#) er eit godt døme på ein kunnskapsbank for samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

## Desentraliserte tenester og sømløse pasientforløp

1. Tenester som skal utviklast og byggast opp lokalt må vekse fram frå lokal kontekst og behov.
